

Kan politikarar med klimatiltak hindre ei ny istid?

Eg meiner å ha høyrte at Sognefjorden er utgreven gjennom 18 istider. Altså er det regelmessige periodar med svære istider som går over tusenvis av år, men med relativt korte mellomistider med varmare klima. Ser vi på vår mellomistid, så var den varme perioden for 8 000 til 6 000 sidan. Vår "globale oppvarming" i dag er ikkje varmare enn at om lag 8000 av dei siste 10 000 åra var like varme eller mykje varmare enn no. Politikarane er likevel redde for at såkalla "klimautslepp" skal føre til at klima blir like varmt som i steinalderen, dvs. at vi får ein gjennomsnittleg temperaturauke på 2–3 grader. Ingen bryr seg med det faktum at vi er i enden av ei mellomistida og etterpå kjem den verkelege katastrofen med is som dekker heile Skandinavia ned langt forbi Hamburg slik som sist. Både Bryggen og Operaen blir då skubba på sjøen av 2–3 kilometer tjukke ismassar og Sognefjorden blir oppattskurt for nittande gong.

Den raudgrøne regjeringa meiner sjølv å være utruleg gode på klimastyring. Spørsmålet blir likevel korleis dei skal kunne hindre at sivilisasjonen i Skandinavia blir utsletta om få tusen år? Kan ein med klimakvoter kjøpe seg varmare vær? Om ikkje norske politikarar beherskar klimastyring, så vil kanskje nordmenn og svenskar om tusen år være klimaflyktingar.

Magne Dvergsdal

6843 Skei i Jølster.